

Den kulturelle spaserstokken i Stord kommune Rapport for 2016

Stord kommune fekk **kr 120 000** i tilskot frå Hordaland fylkeskommune til bruk i 2016.

Stord kulturskule har gjennomførte 7 samlingar i Vestibylen i Stord kulturhus. Samlingane er lagt til torsdagar kl 10:30 og består av to konsert-avdelingar m/distriktsmusikarar og solistar samt allsong og dans /rørsle. Avslutning med kaffi og kringle.

Solistar i år har vore:

- 25. februar Webjørn Sæther på saksofon og Fredrik Horn på piano.
- 31. mars Siv Kvalsvik, piano.
- 12. mai Svein Roger Koppang på trompet.
- 9. juni Magne Kristoffersen, song
- 6. oktober Madel Regine Carlsen. Tema denne dagen var dans!
- 10. november «Falturiltu – nynorsk barnebokfestival og Stord kulturskule. Alise Jonassen, fiolin, Fredrik Horn, piano og Sapfo Maria Stavrides, song. I tillegg kom forfattar Oskar Stein Bjørlykke og las.
- 8. desember Ingjerd Koldstad, song

Mann av huse for eldrecabaret v/Reidun Gløsen og Lene Kristiansen

Ein intim- interaktiv førestelling - der publikum deltok undervegs i framsyninga.

Fredag 29. april 2016

Kl 11:00 Knutsaåsen omsorgssenter. Dagligstua

Kl 16:00 Stord sjukeheim. Lokale: NAV sin kantine.



Evert Taube i ord og tonar

Med trubaduren Øyvind Offerdal og trekkspelaren Per Bolstad.

Onsdag 1. juni 2016

Kl 11:00 Knutsåsen omsorgssenter. Daglegstova

Kl 13:30 Rehabiliteringssenteret

Kl 16:00 Stord sjukeheim, sansehagen

Storm Weather Shanty Choir

Lørdag 3. september kl 16:00 Stord Kulturhus

Storm Weather Shanty Choir feira seksten år i 2017, og sjantikoret frå Stord er meir populære enn nokon gong. Med fem kritikarrosa plater og rundt fire hundre konsertar i bagasjen, har dei med sine inderlege og særigne tolkingar av havets songar teke publikum i heile Europa, USA og Japan med storm – det gjorde dei også i Stord kulturhus!



Foto: Vossa Jazz /Runhild Heggem

Haakon Steinar Vatle – sjantimann, gitar

Roald Kaldestad – mandolin, gitar, lyrisk tenor

Gisle Østrem – trekkspel, concertina, lyrisk tenor

Vidar Vedå – song, golvtam, levande karaokemaskin

Ronny Sætre – song, triangel

Rune Nesse – bodhran, golvtam, son

Stord folkebibliotek

Geirr Lystrup

Stord Kulturhus – Vestibylene Fredag 16. september kl 11:00

Saman med barn frå **Trodlahaugen barnehage** hadde Geirr Lystrup konsert for bebuarar på eldreinstitusjonane. Konserten var i Kulturhuset, og Stord og Fitjar folkebibliotek samarbeidde om denne konserten.



Toradergruppa frå Fitjar med Harald Sandvik og Jan Overweg

Samarbeid med Fitjar og Stord folkebibliotek

Knutsaåsen tysdag 15.11. kl. 16.30

Konsert med Trio Vest + Kari B. Lundal.

Adventsprogram på Knutsaåsen onsdag 7. desember

Servering av kaffi og kringle

Anders Totland, Arrangør: Falturiltu, nynorsk barnebok festival

Onsdag 9. november.

Kl 11:00 Knutsaåsen omsorgssenter,

Kl 13:30 Stord kommunale rehabiliteringssenter.

Kl 16:00 Stord sjukeheim,

Litteratur/ musikk

Anders Totland lanserte i 2016 *Engel i snøen*, ei bok som har fått strålande kritikkar både i pressa og bokbloggar. I tillegg til å vera forfattar, er Totland journalist og kyrkjeorganist. *Engel i snøen* er ei poetisk og stemningsskapande bok med rom til mykje refleksjon om livet. Totland kombinerer piano og oplesing i ei framsyning på rundt 40 minutt.

Sunnhordland museum

PEDER LUNDARSTØL» i ny oppsetting ilag med TRIO VEST!

På oppdrag frå Stord kommune og Den Kulturelle Spaserstokken, har manusforfattar Johanne Ø. Tvedten korta ned spelet om Peder Lundarstøl til ca 1 time, og fått med seg Trio Vest både som musikarar og med-spelarar. I rolla som Peder spelte Bjørn Arve Lunde, som levande gestaltar den gjeldstynga fjellbonden. Johanne er med som forteljar og som kona Anna.

Komponisten til musikkstykket, Tonje Hernes frå Os, har laga nye arrangement for Trio Vest. På piano Magnus Blom, på fløyte Grete Hylland, og på cello Jarle Kristoffersen. Alle tre spela dei også i stykket, m.a. tek Jarle på seg rollene som Odd Hetlesæter og Hiljen med sago.

ØKONOMI	<i>Utgifter</i>	<i>Inntekter</i>
Sunnhordland museum og Trio Vest	kr 20 000	
Stord kulturskule, 7 samlingar	kr 55 000	
Stord bibliotek	kr 26 550	
Triade, «Mann av huse»	kr 14 294	
Evert Taube i ord og toner, 3 konserter m/Per Bolstad og Øyvind Offerdal	kr 17 214	
Chanty Storm Weather Shanty Choir	kr 46 005	
Billettinntekter		kr 10 350
Fakturiltu Oscar Stein Bjørlykke og Anders Totland «engler i snøen»		
Triade med Hjertesang v/Brith Sissel Barsnes Bjordal	kr 6 600	
Utgifter annonse	kr 10 788	
<hr/>		
Sum	kr 196 451	kr 10 350
Brukt	kr 186 101	

Stord, 23. mars 2017

Guri Andresen Aksnes
kulturkonsulent